



SC38803a

Solund Verft fekk to nybyggingskontraktar

Solund Verft AS har teikna nybyggingskontrakt for to kystnotfartøy, begge konstruert av Seacon AS. Det er med stor glede at verftet kan meddele at kundane er to reiarlag heimehøyrande i Sogn og Fjordane.

Lending Rederi AS frå Solund har kontrahert verftets bygg nummer seks. Dette fartøyet skal riggast for fiskeri med snurrevad, ringnot og garn. Det skal byggast med kombinerte fryserom og RSW-kjøling. Vestøy AS frå Bulandet i Askvoll har kontrahert verftets bygg nummer sju. Dette fartøyet skal riggast

for fiskeri med snurrevad og ringnot, og det skal byggast med konvensjonell RSW-kjøling. Leveringsdato er høvesvis januar 2014 og juni 2014. Nybygga er realisert med samarbeid i det maritime kompetansemiljøet i Sogn og Fjordane.

Dei to fartøya er av typen SC38, som er dei første i den nye generasjonen kystnotfartøy frå Seacon AS. Båttypen er ei

vidareutvikling av det velprøvde designet SC34, som det er kontrahert totalt ni fartøy av. Fleire av desse designa er utrusta ved verft i Sogn og Fjordane, med dyktige lokale underleverandørar. Solund Verft og begge reiarlaga har vore delaktige i utviklinga av det nye tilskotet til kystnotflåten. Seacon er stolt over å kunne presentere SC38, som i dag står fram som

Slik blir de to nybyggene.
FOTO: SEACON.



Lending 104

det ypperste innan design, brukarvenleik og eigenskapar innan denne flåtegruppa.

Både reiarlag, konstruktør og verft, samt hovudtyngda av underleverandørane har lokal tilknytning og adresser i Sogn og Fjordane. Reiarlaga og verftet er lokalisert i nabokommunane Solund og Askvoll. Konstruktøren Seacon AS, som og har ei lang rekke andre nybygg på leveringslista, er heimehøyrande i Vågøy. Elektroinstallasjonar skal leverast og installerast av HAFS Elektro, som er heimehøyrande i Solund og Hyllestad. Innreiing skal leverast og monterast av Maritim Montering AS, som er heimehøyrande i Gaular. Sparebanken Sogn og Fjordane har både byggjelånsfinansiering og finansiering av begge nybygga. Innovasjon Noreg er og inne med finansiering for reiarlaga. Wergeland Holding AS er garantistillar og finansier for byggeverftet.

Det ligg også an til at fleire sentrale

underleverandørar på utrustningssida vil ha regionalt opphav og adresse i fylket. Dermed har ein oppnådd at tyngda av verdiskapinga har sitt opphav og base i fylket. Begge reiarlaga og verftet har bak seg eit langvarig kundeforhold, der også større ombyggingsarbeid på dei ra noverande farty er ein del av dette.

Skroga vil bli bygd ved Riga Shipyard i Latvia og deretter taua til Solund for utrustning. Størstedelen av utrustinga og ferdigstilling vil utførast innandørs i den nye skipshallen ved verftet i Solund. Solund Verft si langsiktige satsing på opparbeiding av verftsfasilitetar, kompetanse og relasjonar i fiskerimiljøet, har no vist seg å gje resultat i form av desse to nybyggingskontraktane. Det er og vesentleg for verftet å framheve at den normale aktiviteten ved verftet, reparasjons- og vedlikehaldsoppdrag, framleis vil foregå med tilnærma normal kapasitet sjølv om nybygga er under utrustning. ■



Solund Verft ligg i Solund i Ytre Sogn. Det har moderne fasilitetar og ein heilt ny skipshall, der det meste av utrustinga kan gå fore seg.
FOTO: SOLUND VERFT.

Hovuddata for fartøya er:

LOA: 38,55 m.

Bredde: 9,5 m.

Lastekapasiteten er på om lag 420 m³ kombinert fryserom og RSW for bygg nr. 6.

Lastekapasiteten er på om lag 480 m³ RSW for bygg nr. 7.